



Henning Kopperdal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/193 - 15/7575

Saksbehandlar:

Kristine Skaiaa Born

kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:

26.06.2015

## Skadefelling raudrev Halland

### Gbnr 60/2

Delegasjonssak nr.: 170/2015

Viser til telefonsamtale og søknad sendt Radøy kommune 26/6/2015.

#### **Saksutgreiing**

Det er søkt om skadefelling av skadegjerande raudrev på beite på gnr/bnr 60/2 i Radøy kommune. Søkjar har mista flere lam den siste uka til rev. Flytting av sauene er ikkje mogleg da dette beite er einaste på denne størrelsen.

Søknad om skadefelling skal sakhandsamast etter forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon (FOR-2005-03-18-242). Skadefellingsforskriften skal ikkje praktiserast slik at den uthuler lovens fredningsprinsipp og all jakt skal skje sikkerhetsmessig og human.

#### **Raudrev**

Raudrev har ein god bestand landet over og er også tallrike i Radøy. Det er noe skabb på øyene så man prøver å holde revebestanden lav. Rev har jakttid frå 15/07 til 15/4, og er kun fredet i yngletiden. Reven vil i disse tider ha små valper som er sårbare utan mor.

#### **Fredningsprinsippet og forebyggjande tiltak**

Det er i forskrift sett nokre vilkår som må følgast. Eier, brukar eller rettighetshavar skal ha gjort naudsynte tiltak for å redusere skaden før fellingsløyve handsamast. Det er i dette tilfelle vanskelig å sjå tiltak som kan gjerast i år for å forebygge skade. Sauene kan flyttast til andre beite og landbrukskontoret forutset at om dette hadde vore ei løysing ville bonden gjort slike tiltak. Andre førebyggjande tiltak som ordinær jakt på rev vil være å forvente at blir gjennomført før neste beitesesong.

#### **Sikkerhetsmessig og human jakt**

Forskrifta set krav til human og sikkerhetsmessig jakt, samstundes seier §1-1 : «Avlivast eit mordyr i yngletida bør avkommet av dyrevernmessige hensyn om mulig avlivast». Det settes her krav til at jeger

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



kontrollerer dyrets kjønn og om det er eit hodyr vurderer om det er valper i hi.

Ved hijakt er det viktig at jegarane tar eigen og andres sikkerheit på alvor og har med seg erfarne jegere (<http://www.njff.no/jakt/Last%20nedsider%20for%20jakt%20skyting%20og%20hund/Last%20ned%20jakt/NJFFs%20faghefte%20om%20hijakt%20p%C3%A5%20rev.pdf> ).

Felling av skadegjørrende viltarter skal følgje dei ordiære krava til jaktutøvelse som fregår av viltloven med tilhørende forskrifter.

#### **Vedtak:**

Landbrukskontoret gjev Henning Kopperdal løyve til å ta ut eit revehi (ein voksen rev og unger) på 60/2.

- Det skal avlivast skadegjerende individer og valper skal avlives om ein skyt eit mordyr.
- Grunneigar må ha gitt tillatelse til felling på deira eigedom før felling starter.

Løyve er gyldig til 14/7/2015.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som mogleg, og innan 15/6/2015.

#### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Toril Marie Mulen  
leiar

Kristine Skaiaa Born  
rådgjevar landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Henning Kopperdal